

Kristin Teigen  
Slettovegen 16,  
3577 Hovet  
Tlf. 92 42 88 19

Hovet, 15. desember 2016

NVE - Konesjonsavdelinga  
Postboks 5091 Majorstua


0301 Oslo

## Høyring av revisjonsdokument for Holsreguleringa i Hol og Ål kommunar

Som grunneigar på Urundstølen og ved Strandevatn ønskjer eg å kome med følgjande merknader:

1. **Ang. søknad Hol 1 Stolsvatn. Kraftline langs Urundstølstjern til Randen.** Det er i området utsyn til fleire store kraftliner i regi av E-CO Energi. Området rundt tjernet er framleis urørt av utbygging. Mitt forslag er derfor å legge ein jordkabel for å få fram strøm til utbygging. Strekninga langs tjernet er frodig, og det gror fort til her (engbjørkeskog). Etter eit par år vil spora etter kabelen vere borte. Det er også eit greitt område å ta seg fram med ei mindre gravemaskin for å få kabelen ned i jorda. Ved evt. framføring av strøm er det ønskjeleg med ein transformator ved Urundstølen, slik at denne straumen kan nyttiggjerast i ettertida også.
2. **Minstevassføring i Urunda nedanfor Greinefoss.** Ved ny utbygging er det ønskjeleg med større vassføring i Urunda sommartid, også nedanfor dammen ved Greinefoss. Dette var ein gong ei av dei beste fiskeelvane i Noreg for aure. I dag er denne eit tragisk syn med steinrøyser der det skulle vore ei elv. Større vassføring ville gjere elva meir attraktiv og ei stor betring av landskapet, samt ein ressurs for bygda. Ved Urundbrua blir området ofte brukt som badeplass på grunn av kulpane der. Bygging av tersklar ved dette området vil gjerne det litt mindre stygt.
3. **Strandevatn.** Her blir vatnet tappa ned til eit nivå som er særskjemmande for området, som elles ville vore eit vakkert landskap. Tidligare vart det også tappa ned her, men ikkje slik som det har vore dei seinare åra. Dette vart regulert i ei tid då det var behov for strøm i Oslo. Motivet for denne ekstreme nedtappinga ein ser no, er det å tene pengar og ikkje noko anna. Det hadde vel vore rimeleg å gje noko tilbake til bygda ved å halde ei minstevassføring i Strandevatn.

Med helsing



Kristin Teigen